

10250344-RIG-N01 Vurdering av områdeskredfare

Prosjekt:	Målsnesveien 2344, vurdering av områdeskredfare	Prosjektnr.:	10250344
Kunde:	Asgeir Gjertsen	Prosjektleder:	Karen Dimmen Opsahl
Utarbeidd av:	Karen Dimmen Opsahl	Dato:	13.11.2025
Kontrollert av:	Andrine Edelsteen Moen 13.11.2025		
Dokumentnr.:	10250344-RIG-N01	Rev.:	00


Rev	Dato	Skildring av endringa	Utarbeidd av	Kontrollert av
00	13.11.2025	Første utgåve	Karen Dimmen Opsahl	Andrine Edelsteen Moen

1 Innleiing

Målsnesveien 2344 (gnr./bnr. 1/47) i Målselv kommune skal skilje ut ei tomt i sørleg hjørne. Sweco Norge AS har på vegne av Asgeir Gjertsen utført vurdering av områdeskredfare etter NVE 1/2019, [2].

Dette notatet inneheld registreringar frå synfaring og vurdering av fare for områdeskred.

Målsnesveien 2344 (gnr./bnr. 1/47) er markert i Figur 1.




Figur 1: Målsnesveien 2344 (gnr./bnr. 1/47) er markert i gul farge. Utklipp frå: <https://norgeskart.no/>. Tiltaket (utskiljing av tomt er vist i figuren oppe til høgre (mottatt frå kunde)).

2 Topografi

Målsnesveien 2344 ligg 100 m nord for bygda Målsnes i Målselv kommune. Tomta er bratt med helling opp mot 16-25° somme stadar. Lausmassekartet til NGU indikerer kva topplaget består av, men indikerer ingenting om kva som ligg under topplaget eller kor djupt det er til berg. Lausmassekartet, [1], indikerer samanhengande dekke av marin strandavsetning, sjå Figur 2. Over om lag kote 35 indikerer lausmassekartet forvittringsmateriale.

Marin grense er modellert på kote 60 i området. Tiltaket ligg dermed under marin grense.

Det er ikkje funne tidlegare utførte grunnundersøkingar i området i nasjonal database for grunnundersøkingar, NADAG.




Figur 2: Lausmassekart og marin grense (blå stripla linje). Utklipp frå: https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/

3 Registreringar

Fredag 07.11.2025 var geoteknikar Karen Dimmen Opsahl frå Sweco på synfaring i området. Jon Erik Jakobsen som er nabo og bror til grunneigar var også til stades. Resultat frå synfaringa er presentert i Vedlegg 1.

Det er påvist berg i dagen over store delar av området:

- Mellom tomte og Fv854 vart det greve ny kloakkleidning for om lag 15 år sidan. Kloakkleidninga vart lagt over avrettingslag (av singel) over berg etter info frå Jon-Erik. Visse delar måtte piggast/sprengast ut for å sikre tilstrekkeleg fall mot pumpehus.
- Delar av planlagd utskilt tomt er greve fram og blottar bergoverflata, sjå Figur 3.



Figur 3: Venstre: Bergoverflata i planlagd utskilt tomt. Høgre: Massar over berg.

- Det er påvist berg i dagen fleire stadar oppover Lauritsbekken. Bekken kjem frå terrenget ovanfor, renn aust for Målsnesveien 2346, mellom Målsnesveien 2342 og 2350 og ut i havet.
- Husa i Målsnesveien 2342, 2344 og 2350 står på berg. Ved gravearbeid vart det påtruffe eit tynt lag av hard leire (med steinar i).

Det er eit massetak på kote 39. Høgde i bakkant er om lag 6-7 m. Massar frå sidene av massetaket er ved observasjon antatt å bestå av sandige massar.



Figur 4: Massar frå skråning av massetak.

4 Utgreiing av områdeskredfare etter NVE 1/2019

Dette kapittelet tek for seg fare for områdeskred stegvis i samhøve med NVE sin kvikkleirerettleiar, [2].


Steg 1: Undersøk om det finnst registrerte faresoner (kvikkleiresoner) i området

Det finnst ingen registrerte faresoner i området i følgje NVE Atlas.

Steg 2: Avgrens område med mogleg marin leire

Området ligg under marin grense og dermed inn under aktsemdsområde for områdeskred. I følgje NVE er det moglegheit for samanhengande dekke av marin leire i området, sjå Figur 5. Der det er påvist berg i dagen eller grunt til berg (<2 m), er det ikkje fare for at områdeskred vil losne. Det er registrert berg i dagen over store delar av tomte, sjå Vedlegg 1. Basert på registrering av berg i dagen mellom sjø og tomte er det ikkje mogleg at eit eventuelt kvikkleireskred som losnar i sjøen vil breie seg inn over tiltaksområdet. Basert på registrering av berg i dagen i overkant av tomte, i Lauritsbekken og der dagens hus (Målsnesvegen 2342, 2344 og 2350), er fundamentert er det vurdert at lausmassedekket er tynt. Det er dermed ikkje fare for at tiltaksområdet vil bli treft av områdeskred frå oversida.

Det er dermed ikkje fare for områdeskred, og området klarerast. Det er ikkje naudsynt å utgreie området ytterlegare. Utgreiinga sluttar etter steg 2.



Figur 5: Temakart NVE Atlas. Blå skravering representerer område innanfor "Moglegheit for samanhengande dekke av marin leire". Utklipp frå: <https://atlas.nve.no>. Omtrentleg plassering av tiltaket er vist med raud sirkel.

5 Konklusjon

Basert på registrert berg i dagen og informasjon frå grunneigar er det vurdert at det ikkje er fare for områdeskred frå sjø, frå tiltaket i seg sjølv eller frå oversida. Området er utgreidd etter NVE 1/2019 og avslutta etter steg 2. Området klarerast dermed for områdeskredfare.

6 Kjelder

- [1] NGU (n.d.) *Løsmasser – nasjonal løsmassedatabase*. Tilgjengeleg frå: https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/ (henta 08.11.2025)
- [2] NVE (2019) *Nr. 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred*. Tilgjengeleg frå: https://publikasjoner.nve.no/veileder/2019/veileder2019_01.pdf (henta 08.11.2025)

Vedlegg 1

Teikning GEO-100 Situasjonsskart

